



HÅ KOMMUNE
ETAT FOR SKULE OG KULTUR

Det kongelige barne- og familiedepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS ÅR.
ARKIVNR.: 330.01	
- 1 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
2005/02756	

-019

Dykkar ref.

Vår ref.
05/02080-004
018790/05 ASK

Arkivkode
A10 &13

Stad/Dato
Varhaug, 28.10.2005

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - NY BARNEHAGELOV – HØRING –
FORSLAG TIL FORSKRIFTER**

Utval for levekår behandla i møte 26.10.2005 sak 0073/05. Følgjande vedtak blei fatta:

Hå kommune har fylgjande kommentarar til forskriftene, som vist i saksframlegget, men forslag til forskrift 2 om dispensasjon fra utdanningskravet støttes.

Med helsing
Hå kommune

Astrid Skretting
Astrid Skretting
konsulent

Vedlegg: Saksframlegg



NY BARNEHAGELOV - HØRING - FORSLAG TIL FORSKRIFTER

Saksbehandlar: Astrid Skretting
Arkivsaksnr.: 05/02080

Arkivkode: A10 &13

Utvalsak Utval
0073/05 Utval for levekår

Møtedato
26.10.2005

Vedtak i Utval for levekår den 26.10.2005:

Hå kommune har fylgjande kommentarar til forskriftene, som vist i saksframlegget, men forslag til forskrift 2 om dispensasjon fra utdanningskravet støttes.

Behandling i Utval for levekår:

Oddmund Gravdal fremja forslag om følgjande tillegg til rådmannen si innstilling:
, men forslag til forskrift 2 om dispensasjon fra utdanningskravet støttes.

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Oddmund Gravdal sitt forslag blei vedtatt med 8 mot 1 røyst. Elin Hetland Mong

Rådmannen si innstilling:

Hå kommune har fylgjande kommentarar til forskriftene, som vist i saksframlegget.

Vedlegg:

Høyringsforslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Bakgrunn for saka:

Barne- og familiedepartementet har send forskrifter til ny barnehagelov ut på høyring. Høyringsfristen er 21. november.

Departementet har bedt om synspunkter på norm for pedagogisk bemanning, opptaksreglar og klagemulighet dersom ein ikkje får fyrste ynskje om barnehageplass.

I tillegg ynkjer kommunen å kommentera forskrifta om dispensasjon for pedagogisk utdanning.

Vurdering:

Vi ser at det kan vera vanskeleg å laga reglar og retningslinjer som skal gjelda for heile landet sidan dei lokale tilhøva er svært forskjellige. Men det bør vera ein del felles retningslinjer slik at det blir mest mogleg like rammevilkår i barnehagane.

Norm for pedagogisk bemanning

Den nåverande norm for bemanning er foreslått vidareført, 14-18 barn når barna er over 3 år og 7-9 når barna er under 3år.

Ein ser i praksis at 9/18 barn er gjeldane norm. Dette normtalet bør setjast lågare slik at pedagogtettleiken i norske barnehagar vart høgare. Både Sverige og Danmark har fleir pedagogar pr. barn.

Skal kvaliteten i barnehagane styrkjast, er antal pedagogar eit av kriteriene for det.



Opptaksreglar

Vi er einige i at opptaket bør skje effektivt og juridisk rett. Opptaksreglane bør vera objektive og etterprøvbare. Difor ingen merknadar.

Klagerett

I § 6 er det foreslått at dei som ikkje har fått sitt fyrste ynskje om barnehageplass og skal kunna klage på vedtaket.

Dette vil auka byråkratiet rundt barnehageopptaket. Skal opptaket vera effektivt kan ikkje administrasjonen bruka mykje tid på slike saker. Søkjar bør heller få høve til å bytta plass når plass i aktuell barnehage vert ledig. Dette må stå i opptaksreglane.

Eit anna forslag er at kommunen skal handsama klager på opptaket i private barnehagar. Eit tredje forslag er at ved supplerande opptak i løpet av året skal dei som har fortrinn til plass få melding. Dersom andre har fått plass før dei, skal dei ha høve til å klaga. Rådmannen kan ikkje sjå behov for slike reglar når full barnehagedekking i Norge er oppnådd om eit par år. Dersom desse reglane vert gjennomført, vil det føra til behov for auka bemanning i administrasjonen på barnehageområdet.

Dispensasjon frå utdanningskravet

Forskriftene foreslår at ein person som har hatt dispensasjon i 3 år kan få varig dispensasjon frå utdanningskravet.

Dette forslaget bør ut. I skulen har ein ingen regel som heiter varig dispensasjon frå utdanningskravet, og det bør det heller ikkje vera i barnehagen. Eigarar har høve til å gjera særlege tiltak for å få tak i kvalifisert personale.